

Siste nytt

Bidrag frå Administrator
Friday 04. July 2014
Sist oppdatert Monday 08. May 2017

MELDING FRÅ STYRET:

REFERAT FRÅ ÅRSMØTET PÅ HARDANGERTUN 29.3.2017

Årsmøtet
vart opna og frammøtte vart ynskt velkomen av Johnny Meland (formannen var på reise), Egil Urheim vart vald til møteleiar, og det møtte til saman 11 medlemmer (68 totalt).

SAK 1. Møteinnkalling godkjend utan merknader.

SAK 2. Årsmelding godkjend utan merknader.

SAK 3. Røkneskap godkjend utan merknader.

SAK 4. Styret sitt framlegg til vedtak godkjend utan merknader, ref. pkt. 4 i innkalling

til årsmøte. § i 9 i vedtektene for båtlaget
må endrast som ein fylgje av dette.

SAK. Budsjett 2017 vart lagt fram for årsmøtet,
og godkjend utan merknader.

SAK 6. Ny brygge – styret får fullmakt til å arbeida
vidare med saka. Uteståande krav

Ullensvang herad i samband med
opprusting/ombygging båthuset må avklarast.

Kristofer Eitrheim har vel mest kunnskap om
denne saka, og han må kontaktast/vera

med i denne prosessen. Styret må også innhenta tilbod, og vurderer korleis kjøpet skal

finansierast. Årsmøtet la fram fleir forslag, eks. eingongsinnbetaling medlemer,

banklån, bruk av laget sine midlar.

SAK 7. Bruk av straum i båthavna. Styret sitt framlegg jfr. vedlegg innkalling årsmøtet

vedteken samrøystes.

SAK 8. Rein fjøre prosjekt – orienteringssak frå styre. Ikkje tiltak dette prosjektet pr. no.

SAK 9. Ny gjestebrygge – sak vedteken utsett.

SAK 10. Ny båttralle – Styret fekk fullmakt til å innhenta prisar (også lokalt), Egil/Johnny tek

kontakt med aktuelle leverandørar. Teneleg brukt båttralle kan også vurderast –

dersom fraktkostnad/pris er god.

Leigepris ny båttralle (når den er på plass) medlemmer kr. 100/døgn, ikkje medlemer

Kr. 200/døgn. Medlemer har fortrinnsrett til leige/bruk.

SAK 11. Val til styre/kasserar. Arild Kristiansen vart vald som nestformann, Lars V. Ystanes

og Øyvind Solberg, tek attval som styremedlem. Håkon Grønsdal vert engasjert som

kasserar (valnemda hadde ikkje funne nokon til dette vervet).

Nytt styret vert då samansett slik:

Formann Bjarte Vikane

Nestformann Arild Kristiansen

Styremedlem Johnny Meland

Skrivar Knut Bue

Vara til styret Øyvind Solberg

Lars V. Ystanes

SAK 12. Andre opplysingar – Håkon Grønsdal vert engasjer som kasserar i laget, mot

godtgjersle for medgått tid arbeid (RS=rund sum).

Styret må sjå på samansetninga av styret iom at ein no har ein kasserar som ikkje er

medlem i styret (mogeleg vedtaksendring) – som må opp på neste årsmøte.

Kinsarvik, 19.4.2017

Knut Bue

skrivar

ÅRSMØTET 2017.

Melding lagt ut på heimesida 24. februar 2017

Årsmøtet vert onsdag 29.3.17 kl. 1800 Hardangertun Kinsarvik

Frist for å levera sak/er til styret/årsmøtet er 10.3.17 -knut.bue@statkart.no

Mvh
Knut B

Melding nedanfor lagt ut på heimesida 24. mars 2017.

**INNKALLING TIL ÅRSMØTE PÅ
HARDANGERTUN ONSDAG 29. MARS 2017 KL. 1800**

Framlegg til sakliste:

1. Val av referent, møteleiar og godkjenning av innkalling.
2. Årsmelding 2016, framlegg til vedtak – vert godkjend.
3. Rekneskap 2016, framlegg til vedtak – den reviderte rekneskapen vert godkjent.
4. Kontingentar og avgifter for 2017. Styret kjem med framlegg om at ordninga med dugnad vert avvikla. Medlemsavgifta vert auka til kr. 500/år for alle registrerte medlemar. Hamneavgifta vert lagt på ein grunnpris pr. båtplass med kr. 500/år. Styret i båtlaget eller dugnadsnemnda «leiger inn» medlemar med nødvendig kompetanse til å utføra vedlikehald/arbeid – timeprisgodtgjersle vert sett til kr. 150,- Dersom arbeid/vedlikehald treng serskilt kompetanse, må båtlaget leiga inn dette til marknadspris. Alt arbeid/vedlikehald skal godkjennast av «dugnadsansvarleg eller styret. Dersom styret sitt framlegg vert vedteke av årsmøtet – må § 9 i vedtektene endrast.

Godtgjersle styret – etter dagens ordning er styret friteke for «dugnadsavgift» - noko som er meint å vera noko kompensasjon for det arbeidet som vert gjort. Dersom pkt. 4 vert vedteke av årsmøtet skal alle betala medlemsavgift og grunnpris havneavgift.

Som ein kompensasjon for at dette fell vekk - ynskjer styret å innføra ei ordning med godtgjersle til styreformann, kasserar og skrivar på kr. 5000/år. Andre tillitsvalde får ei godtgjersle på kr. 250/per møte dei vert kalla inn til. Dette vil òg vera med på å styrkja rekrutteringa til desse verva.

Dersom styret sitt framlegg vert godteke av årsmøtet – eventuelt med endringar – vert dette teke med under revidering § 9 vedtektene til båtlaget.

5. Budsjett 2017 vert lagt fram for årsmøtet – orientering ved kasserar.
6. «NY» BRYGGE B jfr. årsmelding 2015 må laget vurdera å skifta ut bryggja om ikkje alt for lenge. Bryggja/elementa er av eldre dato, og kan truleg ikkje renoverast med delvis nye delar. Årsmøtet bør drøfta korleis dette skal gjerast i praksis og finansiering.
7. Bruk av straum i hamna vil vert formalisert mellom båtlaget og brukar i form av skriftleg avtale med føresegner. Frå 1.1. til 1.5. og frå 1.9. til 31.12 skal all energi som vert brukt, verta målt med straummålar – brukar vil vera ansvarleg for bruken, og kan sjølv sikra uttaket dersom det er ynskjeleg.

Straumuttak som ikkje er i bruk eller vekklegde -vert avlåste eller kopla frå.

I tida 1.5. til 1.9. vert straumen «fri» - og ein oppmodar alle om å la feriegjester nytta uttaka – dersom ein ikkje nyttar det sjølv.

Framlegg til vedtak – for å få tilgang til straum – må ein inngå skriftleg avtale med båtlaget, og leigar/brukar vert ansvarleg for bruken. Det vert kravd ei årleg «fastavgift» på kr.150/år + kr. 2,- pr kwh. Fastavgifta vert ikkje refundert ved kortarar/avbroten leigetid.

Det kan og opplysast at Ø. Solberg har fått i oppdrag å skifta ut 2 stk. straumsøyler, og at kostnaden med dette vil vera ca. kr. 9000,-

8. Aksjon "Rein fjøre" – styresmaktene har lagt til rette for at lag og organisasjonar kan søkja om midlar til innsamling av særleg plast i sitt nærrområde, og formannen har vore i kontakt med heradet for å sjå om det er mogeleg å gjera noko her. Søknadsprosessen og dokumentasjon er omfattande, og søknadsfristen kort -16. mars d.å. Styret har vidare kontakt med heradet, og ser om det er mogeleg å søkja på andre tilskots-/refusjonsordningar i samband med dette.

9. «Ny» gjestebrygge – det er mogeleg å etablera ei ny gjestebrygge mellom brygge A og moloen. Formannen vil orientera årsmøtet om meir konkrete planar og mogelegheiter – drøftingssak.

10. NY BÅTTRALLE – båttralla som laget eig er tilårskomen og ny må lagast/kjøpast inn. Det er få brukte på marknaden, og kostnaden med transport vert ofte høg. Styret ynskjer årsmøtet si fullmakt til å arbeida vidare med prosjektet – enten kjøp eller laga ny her i Kinsarvik (det er ein del kompetanse på området i laget, og som ein kanskje kan nytta seg av).

11. Val – Kasserar Egil Urheim og styremedlem Inge Ahlsen har sagt frå seg attval. Valnemda er orientert, og har starta arbeidet med å finna nye personar til verva som nevnt. Øyvind Solberg opplyser at han kan forsetja som styremedlem og straumansvarleg i hamna.

12. Andre opplysningar – melding om dato årsmøte, og frist for å fremja saker var sett til 10.3.17, og orientering om dette vart lagt ut på båtlaget sine heimesider. Ingen saker motteke ved utgang frist.

Kopi av saksdokumenta – vert lagt ut på årsmøtet.

ÅRSMELDING KINSARVIK BÅTLAG 2016

Medlemstalet
er pr. 15. mars 2017 er73 stk. |

Styret i
laget 2016:

Bjarte Vikane (formann – på val 2018)

Inge Ahlsen (nestformann – på val
2017)

Egil Urheim (kasserar – på val 2017)

Johnny Meland (styremedlem – på val
2018)

Knut Bue (skrivar – på val 2018)

Øyvind Solberg (vara til styre - på
val 2017 – tek attval 2 år)

Lars Vaula Ystanes (vara til styre –
på val 2017)

Valnemnd:

Tor Eivind Osmo (på val 2018)

Terje Rongsvåg (på val 2018)

Heimesida KVB:

Kristofer Eitrheim (redaktør)

Aktiviteten

i laget er god – med dei fleste båtplassane utleigde til medlemene eller andre. I samband med ombygging båthamna Lofthus – har me og hatt ein del langtidsutleige gjennom vinteren, og ein større båt har leigd plass ved gjestebryggja sidan hausten 2016. Interesse for å kjøpa eller leiga plass i båthamna er god – og det er pr. d.d. få ledige plassar. Meir oppdatering om dette vil koma i løpet av våren – og styret viser til båtlaget sine heimesider – der INFO om dette, og andre saker vert lagt ut.

Styret
oppmodar alle medlemene om å syta for at
e-postadressa til ei kvar tid er
oppdatert, og endringar kan meldast inn til knut.bue@kartverket.no

Styret har
halde 4 styremøte sidan årsmøte 2016, og drøfta ymse saker – orientering om
dette vert gjort i punkta nedanfor.

Økonomisk stode. Økonomien i laget er god, og
rekneskap 2016 og budsjett 2017 vert lagt fram på årsmøte for godjenning. Jfr.
årsmelding 2015 – har båtlaget til «gode» kr. 100.000,- hjå Ullensvang herad,
som ein del avtale i fob. renovering og ombygging båtlagshuset. Styret vil
fylgja opp denne saka – slik at summen vert godskreven laget.

Dugnad. Det er ikkje avhalde dugnad i 2016 –
og styret kjem med framlegg om endringar i høve denne ordninga, medlemskontigent
og endring av vedtektene. Styret vil likevel nemna, og takka for at mykje godt
arbeid er utført av «pensjonistane» i hamna – både når det gjeld det estetiske,
og auka trivsel både for egne medlemer og gjester.

Sjå
sakslista årsmøtet pkt. 4

Servicebygg. Saka vart drøfta på årsmøtet 2015, og
konklusjonane i ettertid var at laget ikkje kan ta på seg denne oppgåva.

Bryggje B. Saka vart drøfta på årsmøte 2015 med
bakgrunn i innhenta tilbod frå Alutec AS, Os og Weegruppa, Frakkagjerd. Saka
vert lagt fram for årsmøtet på nytt til drøfting, og ein må sjå på korleis ein
kan/skal finansiera dette – kostnaden vil truleg koma på 350-400.000 kr. pluss
dugnadsarbeid.

Gjestekaien og moloen. Årsmøtet 2015 valde å utsetja denne saka i påvente avklaring levering massar frå
veganlegg i distriktet. Deildo ser ikkje ut til å verta aktuelt, og oppstart
utviding Kyrkjenes er pr. dato lite konkret. Årsmøtet bør likevel vurderer om
ein skal gjera noko med gjestekaien – som har sige relativt mykje etter at han
vart bygd – vedtak utsett 2015.

Ny båttralle – båttralla som laget eig er til
årskomen og ny må lagast/kjøpast inn. Det er få brukte på marknaden, og

kostnaden med transport vert ofte høg. Styret ynskjer årsmøte si fullmakt til å arbeida vidare med prosjektet – enten kjøp eller laga ny her i Kinsarvik (det er ein del kompetanse på området i laget, og som ein kanskje kan nytta seg av).

Kinsarvik,
15. mars 2017

For styret
Kinsarvik Båtlag

Bjarte
Vikane / formann

Dugnadsavgifta 2016.

Kinsarvik Båtlag har krevd inn dugnadsavgift saman med årsleiga båthavna. Det vert ikkje dugnad i år – og i styremøte 26.10.16 – vart det gjort framlegg om at dette kan avreknast mot leige 2017. Dersom nokon ynskjer dugnadsavgifta refundert – må dei ta kontakt med kasserar egil.urheim@kinsarvik.net eller post@b-vikane.no – og gje opp kontonummer for innbetaling/refusjon.

Endring av adresse.

Det er dei einskilde medlemmane si plikt å syta for at styret til ei kvar tid har fått korrekt e-postadresse og postadresse, slik at alle meldingar m.m. kjem fram til den einskilde.

Det er sekretæren i laget, Knut Bue, som skal ha denne meldinga! Bruk gjerne kontaktlinken på heimesida til båtlaget, eller du finn e-postadressa i oversynet over styret på heimesida.

Pass også på at telefonnummeret som er oppgjeve bak namnet ditt på portane til kaiane, er korrekt! Dette er viktig for styret

om dei lyt ha tak i b ateigaren om noko skulle vera gale med b aten til denne.